Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 19.12.204 Vår ref: 2019/886

19.12.2024

Dykkar dato: Dykkar ref:

Norsk Gjenvinning Metall AS
Postboks 224 Indre Arna
5888 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Espeset, 55572141

Rapport etter tilsyn hos Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna
Kontrollnummer: 2024.320.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 3. april 2024 hos Norsk Gjenvinning Metall AS, avd Arna (organisasjonsnummer: 976420632).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
Avvik 1: Usanerte bilvrak blir lagra i strid med løyvet
Avvik 2: Merking av farleg avfall er mangelfull
Avvik 3: Verksemda manglar tiltak for å redusere forureining til vatn
Avvik 4: Verksemda har ikkje gjennomført tilstrekkeleg uttgreiing av utslepp til vatn

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 3 som også vart observert ved førre tilsyn.

Norsk Gjenvinning Metall AS, avd Arna må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. mars 2025.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/886.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Usanerte bilvrak blir lagra i strid med løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet av 05.09.2019 og oppdatert sist 10.06.2021

- vilkår 1 tabell 1

Avfallsforskrifta

- kap 4, vedlegg 1, punkt 1

Om krava

I løyvet er det er fastsett ei grense på 20 tonn usanerte bilvrak som det er lov til å lagre samtidig.
I avfallsforskrifta er det fastsett at usanerte vrak skal lagrast på ugjennomtrengeleg dekke.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

På tilsynsdagen var det lagra meir enn 20 tonn usanerte bilvrak og det var vrak som var lagra utanfor tett dekke.

Avvik 2: Merking av farleg avfall er mangelfull

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta

- §11-5

Om krava

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Alle som lagrar, transporterer eller handterer farleg avfall, skal gjere nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom dette kan medføre fare for forureining, eller skapa problem for den vidare handteringa av avfallet.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

På tilsynsdagen mangla det merking på farleg avfall. Dette var væsker som var tappa ut i bilsaneringa. Det er fare for feilhandtering av farleg avfall og misforståingar internt i verksemda når merking manglar.

Avvik 3: Verksemda manglar tiltak for å redusere forureining til vatn

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet av 05.09.2019 og oppdatert sist 10.06.2021

- Pkt. 4.2: Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.
- Pkt. 2.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- Pkt. 3.5: Krav til skjerming for nokre avfallstypar

Om krava

Utsleppsgrenser

I løyvet er det sett utsleppsgrense for avløpsvatn forureina med olje på 5 mg/l.

Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

Vidare er det eit vilkår at all forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

Krav til skjerming for nokre avfallstypar

I løyve punkt 3.5 er det sett følgjande krav: «Handtering, inkludert lagring, av avfall som kan føre til forureina avrenning skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar dersom miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Overskriding av grenseverdiar

Vassprøver frå oljeutskillarane viser ein gjennomsnittleg oljekonsentrasjon på 8 mg/l, som er ei overskriding av utsleppsgrensa i løyvet.

Manglande tiltak for å redusere forureining

Under tilsynet var det avrenning frå metallspon som var lagra ute. Ein oljeutskillar er ikkje konstruert for å reinse oljeemulsjonar. Oljeemulsjonar fører til at olja ikkje stig opp til overflata. Funksjonen til oljeutskillaren vil dermed verte redusert. Verksemda må derfor ikkje føre avrenning med oljeemulsjonar til oljeutskillaren.

Lagringa av metallspon med synleg avrenning er ikkje i tråd med kravet i løyvet om at avfall som kan føre til forureina avrenning som eit minimum skal gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda held på å bygge eit bygg for metallspon.

På tilsynsdagen blei katalysatorarar demontert ute, med mykje synleg avrenning av olje. Også her mangla det risikovurdering og skjermingstiltak.

I årsrapport frå 2023 går det også fram at det er funn av tungmetaller. Vi kommenterer dette nærare i avvik 4.

Avvik 4: Verksemda har ikkje gjennomført tilstrekkeleg uttgreiing av utslepp til vatn

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Løyvet av 05.09.2019 og oppdatert sist 10.06.2021

- 4.3 Utgreiing av utslepp til vatn.

Om krava
Verksemda skal kartlegge utslepp av prioriterte miljøgifter til vatn ved å

- utføre målingar av utsleppet, jf. vedlegg 1. Kartlegginga skal omfatte innhald, variasjon og årlege mengder
- gjennomføre miljørisikovurdering av utsleppa, inkludert handlingsplan for å redusere utslepp som fører til uakseptabel miljørisiko

Person/firma som gjennomfører utgreiinga skal vere uavhengig og ha relevant kompetanse. Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2020.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Verksemda har som ein del av årsrapport for 2023 gjort nokre vurderingar av utsleppa. Vi meiner at det som er gjort ikkje oppfyller krava vi har sett i vilkår 4.3 i løyvet. Det må reknast ut årlege mengder utslepp. Då må ein sjå på kva areal som har avrenning, og kva areal som er under tak og har oppsamling i tank (og dermed ikkje gir utslepp). Verksemda har til nå berre vurdert tungmetall og olje. Verksemda må også vurdere om det er andre forureiningar som står i lista i vedlegg 1 som det vil kunne vere utslepp av. De må også lage ei oppdatert risikovurdering og handlingsplan slik kravet er i vilkår 4.3.

Vedtak om gebyr
Statsforvaltaren vedtar at Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna må betale eit gebyr på 38 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Astrid Holte
- Kristin Espeset

Kontaktperson hos verksemda:
- Thomas Løvik

Anlegg
Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:
- Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna
- Mottak kasserte kjøretøy, Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- utslepp til vatn
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
-

De kan kommentere på rapporten
De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Toril M. Mulen
seniorrådgjevar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent